



Bergen, 05.01.89
TK/TAA

FORSKRIFT OM REGULERING AV REKEFISKET VED VEST- OG AUST GRØNNLAND
I 1989.

Fiskeridepartementet har den 30.12.88 med heimel i lov av 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v. §§ 4 og 5 og lov av 16. juni 1972 nr. 57 om regulering av deltakinga i fisket § 6 femte ledd fastsett følgjande forskrift:

§ 1

Det er forbode å fiske reker ved Vest-Grønland (NAFO-område 1) og i den grønlandske sona ved Aust-Grønland (ICES-områda XIV og Va).

Uten hinder av forbodet i første ledd kan norske fartøy som fyller vilkåra for å ta del i rekefisket ved Grønland i 1989 fiske 450 tonn reker ved Vest-Grønland i NAFO-område 1 sør for 68° n. br. og 2050 tonn reker i den grønlandske sona ved Aust-Grønland i ICES-områda XIV og Va.

§ 2

Totalkvoten på 2050 tonn reker ved Aust-Grønland skal fordelast på dei deltakande fartøy etter inndeling i følgjande grupper på grunnlag av godkjent lastekapasitet:

- a) under 80 tonn
- b) 80 tonn til 99,9 tonn
- c) 100 tonn til 129,9 tonn
- d) 130 tonn til 159,9 tonn
- e) 160 tonn til 199,9 tonn
- f) 200 tonn og meir

Fiskefartøykvotane blir utrekna slik: 50% av totalkvoten blir delt med likt kvantum på kvart fartøy. Dei resterande 50% blir delte på fartøya etter den gjennomsnittlege lastekapasiteten i gruppene.

Ikkje noko fartøy kan tildelast ein fartøykvote som er større enn fartøyet sin godkjende lastekapasitet.



§ 3

Totalkvoten på 450 tonn ved Vest-Grønland skal delast på fartøy som er påmelde til Fiskeridirektøren for deltaking i fisket ved Vest-Grønland i 1989. Dersom den samla godkjende lastekapasiteten til dei påmelde fartøya overstig 450 tonn, skal kvoten delast ved loddtrekning til 4 av dei registrerte fartøya med 112,5 tonn til kvart fartøy.

Dersom nokon av dei uttrekte fartøya har ein godkjend lastekapasitet som er mindre enn 112,5 tonn, skal fartøyet sin kvote setjast lik den godkjende lastekapasiteten.

Den resterande delen av den norske totalkvoten skal då delast i høve til storleiken på lastekapasiteten til dei uttrekte fartøya med godkjend lastekapasitet større enn 112,5 tonn.

Dersom den samla godkjende lastekapasiteten til desse 4 fartøya er under 450 tonn, kan Fiskeridirektøren tillate deltaking av 5 fartøy i fisket ved Vest-Grønland. Fartøykvotane blir fastsett i samsvar med andre og tredje ledd.

Er samla godkjend lastekapasitet for dei 5 fartøya over 450 tonn, blir fartøykvotane redusert i høve til godkjend lastekapasitet for det einskilde fartøyet innafor totalkvoten på 450 tonn.

§ 4

Fiskeridirektøren avgjer kva gruppe det einskilde deltakande fartøyet høyrer til, og fastset kvoten til det einskilde fartøyet ved Vest-Grønland.

Ved fastsetting av kvotar etter § 3 kan det takast slike omsyn som praktiske justeringer tilsier.

§ 5

Deltakande fartøy skal melde frå til Fiskeridirektøren før avgang til feltet, og sende kopi til Fiskeridirektøren av dei meldingane om innseiling i sona, vekefangst og utseiling frå sona som dei er pålagde å sende etter gjeldande fiskerireglar i grønlandsk sone.

I den grønlandske sona ved Aust-Grønland kan ikkje fleire enn 15 fartøy fiske samstundes. For å gjennomføre denne avgrensinga i deltakinga i fisket etter reker ved Aust-Grønland, kan Fiskeridirektøren forby fartøy å gå inn i sona, pålegge fartøy å gå ut av sona og inndele fartøya i puljer eller tildele fartøy tørnnummer. Vidare kan Fiskeridirektøren fastsetje siste frist for innseiling i grønlandsk sone.



§ 6

Fiskeridirektøren kan fastsetje siste frist for å starte fisket ved Aust-Grønland. Fartøy som ikkje har starta fisket innan ein slik fastsett frist, misser den kvoten som er tildelt etter §§ 2, 3 og 4.

Den delen av den norske totalkvoten på 2050 tonn reker som var tildelt fartøy som ikkje starta fisket innan fristen, skal delast i samsvar med reglane i §§ 2 og 4 på dei fartøya som har starta fisket ved Aust-Grønland. Fartøy som på grunn av havari blir hindra frå å starte fisket ved Aust-Grønland innan fristen, kan etter søknad også takast med ved fordelinga av kvotar etter denne paragrafen.

Fiskeridirektøren kan oppheve fartøykvotane ved Aust-Grønland fastsett etter §§ 2 og 4. Etter at fartøykvotane er oppheva og for å sikre at totalkvoten blir tatt, kan Fiskeridirektøren avvikle refordelinga på den mest hensiktsmessige måten.

Dersom restkvoten blir delt likt på dei deltakande fartøy, kan Fiskeridirektøren fastsetje ein siste frist for å starte fisket. Fartøy som ikkje overheld fristen misser den tildelte kvoten.

Dersom storleiken på restkvoten eller talet på innvilga lisenser tilseier at færre fartøy enn dei som har meldt seg interesserte kan delta, kan Fiskeridirektøren avgjere kven som skal få løyve til å fiske.

§ 7

Bli­r fartøykvotane ved Vest-Grønland (NAFO-området 1) ikkje utnytta innan 15. august 1989 kl 2400 GMT, blir kvotetildelingane oppheva, og den resterande delen av totalkvoten blir delt med likt kvantum på fartøy som er på feltet.

§ 8

Fiskeridirektøren kan fastsetje nærare forskrift om gjennomføring og utfylling av reglane i denne forskrifta, m.a. reglar om dagleg rapporteringsplikt, prøvetaking og tidspunkt for stopp i fisket når det blir utrekna at kvotane er oppfiska.

§ 9

Brot på reglane i denne forskrifta eller reglar gitt med heimel i denne forskrifta blir straffa etter reglane i lov av 3. juni 1983 om saltvannsfiske m.v. § 53.

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN
J-5-89
(J-183-87 UTGÅR)



FISKERIDIREKTORATET

Møllendalsveien 4, Postboks 185, 5002 BERGEN
Telex 42 151 • Telefax (05) 20 00 61 • Tlf.(05) 20 00 70

§ 10

Denne forskrifta blir sett i kraft straks og gjeld til og med 31. desember 1989.
